

## SKJEMATISK REFERAT FRA TUR MED KJENTMANNEN NARVE LID 2 AUG 2014 I REGI AV GRYTELVA HYTTEFORENING.



Lørdag 2 august hadde vi en flott turopplevelse med Narve Lid som kjentmann.

Tusen takk til Dagny som tok initiativ til denne flotte turen!

Narve Lid tok oss med til Fjøslien der han fortalte historier tilbake til sin bestefars tid. Vedlagt følger noen av hans notater som han delte med oss.

Narve startet det hele med å lese opp bestefarens dikt fra Fjøslia.

Været denne lørdagen var skiftende, men tross dette stilte 15 personer opp som fikk en flott opplevelse.

Turen fra Fjøslia og syd-vestover på «Numedalsvegen»\*) var en flott turopplevelse som vi anbefaler alle å prøve. Her er det også fine skiløyper på vinteren som kjøres opp fra Rollag siden. Her vil vi i hytteforeningen se hvordan dette kan kobles inn mot vårt område.

AN/080814

\*) Fra Fjøslia ble veiene(stiene) kalt henholdsvis «Sigdalsvegen» mot Sigdal og «Numedalsvegen» mot Numedal

FJØSLI-GARDEN (Min barndomsheim). Av Narve H Lid

Bratt i sollid  
der ligg ein gard  
lysande fagert  
mot lider og skard.

Gamal er grunnen  
av tydande tegn  
merkje og minne  
og segjande segn.

Fjellheimen attom  
stigande rakt  
Storfeltt og hardsett  
til varning og vakt.

Augnevatn stillblankt  
i morgonsols flaum  
Speglar det heile  
som i ein draum.

I heilhug eg helsar  
med fagnande ord  
barneheims minne  
og fedrane jord.



Dette diktet skreiv bestefar i 1944. Da var han akkurat så gamal som eg er no. Her på Øvre-Fjøslien voks han opp til han var atten år. Dette er ein av dei to gardane, og over seksti setrane, som ligg innanfor verneforslaget for Trillemarka/Rollagsfjell.

Han flutte herifrå i 1900, da oldefar selte garden til Modum Blåfarveverk, og kjøpte seg gard frami bygda. Blåfarveverket kjøpte fleire skogar her innpå Mørkje, for å sikre ved og tømmerforsyning til gruverifta si. Da hadde skogane i det meste av Numedal alt ligge under Sølververkets sirkumferens med tvangslevering av tømmer, ved og kol i nesten to hundre år, fordi skogane rundt Kongsberg etter hundre års gruverift såg ut omtrent som på Røros i dag.

Mykje av livet mitt har og vori knytta til dette området:

- ⌘ Frå eg som toåring tørkesommaren sjuogførr vart kløvja på hest til seters, over Rollagsfjellet og ned liane her, til Nybu nedmed Øgnevatn.
- ⌘ I tre somrar fyrst på 50-talet dreiv over tredve odølingar her og hogg tømmer for Kolbotn trelast og Risør tremasse – 10-tusenviis av kubikkmeter. Såkalla uthogstar kjøpt på rot. På kvelden kom dei ruslande til setra og kjøpte setermat og fylte femlittersspanna med mjølk, mens me ungane gikk med markestonga nedmed Øgnevatn og fiska småtryte.
- ⌘ Den sommaren eg vart konfirmert hogg eg tømmer rett nedom gardane her, med onkel Nils som da hadde overteki Fjøsli skogen. Det fanns ingen kjøreveg hit, og me bar med oss mat og drivstoff til motorsaga for heile veka! Dei gode minnene har festa seg, men det var mykje slit, som ingen ønskjar seg attende til.

*MEN SÅ - kjem det nokon og fortel oss at området er urørt! Kva i all verden? URØRT - her som bestefar voks opp? Og oldefar med sine 16 syskin og halvsyskin. Og skogen som eg og*

forfedrane mine har stelt gjennom generasjonar, blir kalla "urskog"? At det går an å lyge slik!  
*Og på toppen av alt påstår dei at dette kan ikkje me ta vare på!*

Bortpå Strandemyrane kan de sjå ei høgspenline. Det er overføringslina frå Noreanlegga til Sylling i Lier, truleg det største tekniske inngrep som nokongong er gjort i dette området. Den har deilt det «urørte» Trillemarka/Rollagsfjell på langs i snart 80 år. Det blir aldri nevnt av verneforkjemparane.

Det sjongleras med tal og presentar, og underskriftskampanjer - frå folk som aldri har vori her! Og det skremmas med at hogstmaskiner og hyttebyar vil øydelegga naturen. Det ser ut til at ein *trur at urørt natur er det same som å bevare naturen, ganske treffande kalla «Svartedaudsromantikk»* i eit lesarinnlegg på Naturvernforbundets Trillemarka-side på nett. Eg veit ikkje om dei trur på alt dette sjølv eingong, men for oss som er så heldige å eiga dette flotte området, så er det her me har «arvesølvet» vårt, som me for all deil ikkje vil øydelegga! Det tragiske er at det er akkurat dette som gjer at dei vil ta det frå oss!

Det bratte terrenget og eigedomsstrukturen her i landet gjer det meiningslaust å samanlikne presentar og tal med andre land. Bondeskogbruket vårt med små eigedomar er unikt i verden: Når kvar eigar har ei stripe med skog frå dalbotn til fjell, over juv, myr og vatn, fredar betydelege areal seg sjølv – heilt gratis for staten!

Men med den propagandaen me møter frå naturvernorganisasjonane, høras det ut som det står så dårleg til med norsk skogbruk. Men fakta er at skogbruket i Norge har endra seg sterkt dei siste 10 åra, i miljøvenleg retning:

- ☒ Skogeigarorganisasjonane er miljøsertifisert etter «levande skog»-standard, som sist haust kom fram til enighet med skogindustri og miljøorganisasjonar om at *skogbruket frivillig skal la 5% av skogarealet ligge urørt*. Altså meir enn dei 4,5% som forskarar og vernarar etterlyser.
- ☒ Alt tømmer som blir seldt her i landet, kjem frå skog som er miljøregistrert etter statlege reglar (MIS).
- ☒ På toppen av det heile kom staten nyleg med ei heilt ny miljøforskrift til skoglova, med nye og sterkare miljøpåbod.

Eit argument me møter frå «naturvernhold» er at det er så mange sjeldne og truga raudlisteartar her, og det blir stadig funni nye. Ja, det skulle berre mangle. Det finns vel snart ikkje eit område i landet det er leita meir i! Her står eg med ein kvist i handa, frå det treet de ser rett nedom huset her: Ei alm som forfedrane mine sikkert har planta eingong, som matberedskap (barkebrød) i tilfelle uår. Da raudlista vart nyrevidert i fjor, auka antalet treslag på lista frå 1 til 7, deriblant *alm!* (Som de kanskje veit, er det forbudt å bryte av kvistar av levande tre. Eg har fått lov av eigarane)

For få år sia såg eg både Tekslehogget og heile Øgnevatn når eg sto her i tunet. No stenger ospetrea nedom låven for utsikta. Slik vil det fortsetta og gro att, hvis naturvernorganisasjonane får det som dei vil. Er det eit slikt landskap me ønskjar oss? Tenk litt på det.

På garden vår i Rollag la me om til økologisk drift for 12 år sia. Me ønska å driva jorda så naturvenleg som mogleg, utan sprøytemedel, ei krevande driftsform der ein verkeleg treng å *nyttja alle ressursar* på garden for å skapa ei leveleg inntekt. Dette går ikkje lenger, når me no mistar over 70% av den hogstmodne skogen. *For oss blir skogvernet miljøets verste fiende!*

Før eg sluttar må eg si litt om all frustrasjonen, av di det vedtaket som er lova gong på gong aldri kjem. Kvar utsetting føljas som mistillit! Og ingen kan leggja planer for framtida. Det siste

året har me opplevd det eg vil kalla «*beslutningsvegring på høgt nivå*», uverdigg ei raud-grønn regjering som har lagt frivillig vern til grunn i si SoriaMoria-erklæring! Me på grunneigarsida strekte oss langt og lenger enn langt – i håp om å få til ei minneleg ordning, på initiativ frå dei tre kommunane våre. No ventar me at regjeringa hører på det eintydige rådet de har fått frå lokalsamfunna, frå kommunar, fylke og fylkesmann. Hvis ikkje, er eg redd det kan bli ein miljøvernminister frå Frp som styrer etter stortingsvalet 2009. Og det er bygdene våre neppe tent med.

Med det været me har opplevd i seinare tid, med trusselen om global oppvarming, er CO2-binding gjennom aktiv skogsdrift kanskje det viktigaste me kan driva med som skogeigarar. Da blir det heilt galt å bandlegga eit skogområde på størrelse med Røyken og Hurum-halvøya - til råtning og meire CO2-utslepp! Kanskje det er lurt å høre på lokaldemokratiet - også i ein global samanheng?

Så mi bønn til de som skal bestemme er: *BLI FERDIGE MED SAKA, OG STOL PÅ OSS!*

20.08.07. Narve Lid



# Jacob Gløersen

Portal: Kunst

**Jacob Gløersen** (født 28. mai<sup>[1]</sup>1852 i Nissedal, død 1912) var en norsk maler.

Jacob Gløersen var elev av **Olaf Isaachsen** i **Kristiansand** 1872 og gikk på **Knud Bergslisens** malerskole fra 1872 til 1875. Han studerte ved München-akademiet under den tyske maleren **Otto Seitz** (1846–1912) fra 1876 til 1878 og igjen fra 1880 til 1881. To år senere var han hos den franske maleren **Alfred Philippe Roll** (1846–1919) i Paris.

Jacob Gløersen er kjent som natur- og folkelivsskildrer med vekt på det **østlandske** - ikke minst med hensyn til klima og lysforhold.

## Malerier [ rediger | rediger kilde ]


**Nasjonalgalleriet** i Oslo eier 14 av Jacob Gløersens verker. De mest kjente bildene er med motiver fra landsbygda.

Listen viser et lite utvalg.

- *På rugdepost* (1887)
- *I snøløsningen* (1889)
- *Vinterdag* (1900)


## Referanser [ rediger | rediger kilde ]

- ↑ *Hvem er Hvem?* (1912)



Våren og sommaren 1893 er Gløersen på studieopphald i Paris. Alt er tydelegvis ikkje like bra her heller, og 1.juni skriv han til Munthe: ”*Her er ækkelt*” ”-*ikke bestandig jeg er grinete her heller*”, og ”*Jeg vil forsøge at lægge mig til i Skogen etsteds – iaar*”. Og det gjorde han! For same hausten er han i **Fjøslien** og målar «*Gjetergutter*», som no er eigd av Bergen Billedgalleri - ei gave frå banksjef C.J.Ege i 1907

Gjetergutter



Venen Elling Holst skriv om ei reise frå Kongsberg gjennom Lyngdal til Sigdal i ”Den norske turistforenings Årbok” i 1896: ”*Fra Lindteigen tog vi indover vildmarken, holdt uden synderlig bestemt sti paa nordsiden af den langstrakte eg Teksle, hvorfra der skal være ypperlig udsigt, i retning af Øinevandene, hvor den øverste af de to fjeldgaarde Fjøslien ligger og lyser lang vei.*” Etter eit par timar kjem han fram til Fjøslien. ”*Da jeg kom ind, kjendte jeg mig igjen, jeg kjendte baade stuen og folkene. Gløersen har boet der og malt altsammen. Det har hængt i forskjellige udgaver paa høstudstillingerne, og skogen i vinterdragt hænger i Nationalgalleriet*”.

I Mars 1895 er Gløersen i Flatdal, og skriv i brev til Munthe: «-*Blit Telemarking nu. Jeg vil ikke paastaa, at det er saa meget grønnere det end at være Numedøl*». I oktober skriv han til Munthe frå Hedalen i Valdres: «*Skredsvig vil ha mig til Eggedal og drikke spansk Vin. Kittelsen skal bo der. Jeg savner Fjøsli, jeg! Kan hende jeg reiser did til Vinteren*». Og det gjer han. Alt i desember er han i Fjøslien att! Han feirar jula der, og blir der resten av vinteren og målar. Mest kjend er maleriet av kolmlebrenning. Om dette skriv bestefar i Fjøsli-boka: «*Milebrenning måla Gløersen ein vinter. Det var noko sør for*

*Kjennmyra mila stod, og det var vel helst Gunnar som hadde denne mila. Det var ein gamal hardhaus frå Lyngdal - gamle Kolsru'en som var milebrennar. Synest hugse at han stod med noko vedhogging utanfor kjøyta - på maleriet. Gløersen sjølv rekna visst dette målarstykket for sers verdfullt».*



*Opunder Fjeldet*

*Efter Maleri af Jacob Gløersen*



# Turen vi gikk

